

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvås

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stüestøl

Gard:

(adresse): Førland, Kvinesdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen er av yngre dato. Det er vel i dei siste tuis år han er komen til. Skikken skriv seg helst frå forteljingar i julehefte o. ll.
2. Der dei brøttar julenisse, har han gäver til alle. Han plan ikkje få noko alt.
3. Det er gjerne husefaren som klar seg ut, eller ein vaksen son.
4. Han er klædd i raud toppstül og maske med kvitt skjegg. Frakken eller kjøften kan vere ein vauleg frakk, eller også eit teppe over akslene.
5. Ein både kjøper og lager masker.
6. Julebukken har ikkje nissemaske.
7. Julebukken deler ikkje ut gäver.
8. Julenissen er ein nyskaping, og har ikkje noko med dei gamle nissen.
9. At julegävene kjem på nokon merkelig måte, har eg ikkje hørt. Oftast ligg alle gävene under julebrett. I eldre tider delte kvar ut sine julegäver.